


Formidlar Olivita til stadig fleire.

02.04.2015



Reidar Myklebust med det helsebringande produktet.

Dei siste åra har stadig nye brukarar vore innom Rabben og skaffa seg den helsebringande olja Olivita. Den eventyrlege utviklinga er ikkje resultat av noko storstila marknadsføring. Det har ikkje vore annonsert i det heile. Det aukande salget er resultat av godt rykte og ordet som går om god effekt mot ulike helseplager.

Olivita er ei gunstig samansetjing av selolje som er rik på fleirumetta omega-3-feittsyrer og kaldpressa olivenolje som er ei god kjelde til antioksidantar og betennelsedempande komponentar. Etter forskning gjennom 20 år har dei funne den rette balansen mellom dei to oljene som gjev god og dokumentert effekt på ulike helseplager som hjarte- og karsjukdommar, psoriasis, leddplager og ulike betennelsreaksjonar.

Ellen Schwenke og Reidar Myklebust fortel at dei kom i kontakt med produktet då dei jobba i Tromsø. Dei kjenner ein av utviklarane av produktet, Bjarne Østerud, professor i biokjemi, som jobba ved universitetet i Tromsø. Dei fortel at dei begynte å formidla produktet til venner og bekjente. Fornøgde brukarar førde til eit godt rykte, og ordet om Olivita, som med rette tyder livets olje, gjekk. Dermed begynte den berømte snøballen å rulla, og no er det svært mange i heile Kvinnherad som brukar den gode olja.

- Det er heilt utruleg det som har skjedd, seier Reidar, vi har ikkje annonsert i det heile!

Derimot fortel han at dei får mange gode tilbakemeldingar. Nokre får orden på høgt blodtrykk. Andre har særslig god effekt på kolestrol-nivå. Mange melder stor betring når det gjeld stivhet og leddplager. Dermed vert det ofte slik at når ein i ein familie, i ein vennegjeng eller på ein arbeidsplass begynner, så resulterer effekten det har i at fleire vil prøva det.

Dette kan underteikna skriva under på. Eg starta med Olivita for eit par år sidan grunna hjarte- og kar-problematikk. Eg fekk den venta effekten på kolestrolnivået. I tillegg vart det slutt på kalde føter, eit tydeleg teikn på betring av blodcirulasjon. Den hyppige og svært plagsame senestrekken eg hadde hatt ii legger og under føter i fleire år, var også brått heilt borte. Ordet gjekk, og no har miine gode erfaringar ført til minst 10 nye fornøgde Olivita-brukarar som brukar dei mot ulike helseplager.

I tillegg vil eg leggja til at eg får kjøpt produktet på Rabben til særdeles gunstig pris.

- Vi gjer ikkje dette for å tena pengar, seier Reidar om det. Då vi har firma Rabben Helse- og Aromaterapi, får vi varene til innkjøpspris, og så sel vi dei ut til svært gunstig pris. Alle dei gode tilbakemeldingane er meir enn god nok forteneste for oss, avsluttar han samtalen om produktet. Engasjementet som han og kona Ellen viser, bekreftar desse orda.

Produktet som er å få både som olje og som kapslar, kan ein [lesa meir om her](#). Men prisane som er oppgjevne der stemmer ikkje om ein handlar på Rabben.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland